

# Visitasmelding i Ullensvang

17.-20. og 23. mars 2025




Odda kyrkje



Skare kyrkje



Tyssedal kirke



Røldal kyrkje



Utne kyrkje



Jondal kyrkje



Kinsarvik kyrkje



Ullensvang kyrkje



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Kyrkja i Ullensvang

## Innhald

Visitasmeldinga siktar mot å teikne eit bilete av kyrkjelivet i Ullensvang “her og no”. Vi har avgrensa oss til i hovudsak å sjå på endringar dei siste fem åra. Det har vore viktig for oss å få fram noko av det særleine på den staden der kyrkja er lokalisert, i samspelet mellom kyrkje og samfunn. Dei åtte sokna er skildra kvar for seg når det gjeld gudstenesteliv, 5.2.1 og kyrkjelege handlingar, 5.2.2. Resten av framstillinga er ei samla vurdering frå alle sokn, 5.2.3- 5.2.11. Sokneråd og stab har kome med verdifulle innspel undervegs i prosessen, fleire har levert tekst og administrasjonen har innhenta grunnlagsmaterialet.

1. Program for visitasen .....	3
2. Kort historisk riss sidan førre visitas.....	4
3. Tilhøva i sokn og kommune.....	5
4. Råd og tilsette .....	6
5. Det åndelige livet i kyrkjelyden	
5.1 Generell vurdering,	
5.2 Det kyrkjelege arbeidet	
5.2.1 Gudstenestelivet	
5.2.2 kyrkjelege handlingar	
Odda sokn .....	8
Tyssedal sokn .....	10
Ullensvang sokn .....	12
Kinsarvik .....	14
Skare sokn .....	15
Røldal sokn .....	16
Utne .....	18
Jondal sokn .....	19
5.2.3 Trusopplæring.....	20
5.2.4 Undervisning .....	22
5.2.5 Diakoni .....	22
5.2.6 Misjon.....	23
5.2.7 Kyrkjemusikalsk verksemd.....	23
5.2.8 Barn og unge .....	25
5.2.9 Vaksenarbeid .....	25
5.2.10 Gjevarteneste .....	25
5.2.11 Informasjonsarbeid .....	25
6. Kyrkje og Kommune	
6.1 Fellesrådsøkonomi og forvaltning.....	26
6.2 Kyrkjer og gravplassar.....	27
7 Vegem framover, Strategiar og mål.....	29
8. Sluttord.....	31

## 1. Program for visitasen

### Måndag 17.mars

- 12.00 Middagsbøn Odda kyrkje
- 12:30 Lunsj
- 13.45 Samtaletid
- 14.30 Samtaletid
- 16.00 Middag
- 18.00 Open samling i Odda kyrkje, ved konfirmantar

### Tysdag 18. mars

- 09.30 Morgonbøn Utne kyrkje
- 10.30 Prostimøte Hardanger folkemuseum
- 12.00 Lunsj
- 12.45 Respons og samtale
- 14.30 Møte Ullensvang kommune
- 16.00 Middag
- 18.30 Kor og Basar Tyssedal kirke

### Onsdag 19. mars

- 09.00 Morgonbøn Ullensvang kyrkje
- 09.30 Kyrkja og Fruktdyrkinga i Hardanger
- 10.00 Bedriftsbesøk Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)
- 11.30 Lunsj
- 13.00 «Spørjetime» med elevar frå Kinsarvik Ungdomsskule
- 14.00 Institusjonsvitjing Bråvolltunet
- 15.00 Middag Huse Gjestegard
- 17.00 Utekyrkje med barn og unge, Kinsarvik
- 18.00 Kvardagsmesse Kinsarvik kyrkje

### Torsdag 20. mars

- 10.00 Skulegudsteneste Røldal kyrkje
- 10.45 Omvising i Røldal kyrkje
- 11.30 Pilegrimsgarden orientering
- 12.00 Lunsj
- 12.45 Samtaletid
- 13.30 Samtaletid
- 16.30 Samtale med soknerådsleiarane Odda soknehus
- 17:00 Samrådsmøte med servering

### Søndag 23. mars

- 11.00 Visitasgudsteneste Jondal kyrkje
- 13.00 Kyrkjekaffi

## 2. Kort historisk riss sidan førre visitas

Etter førre visitas er dei tre kommunane Ullensvang, Jondal og Odda slegne saman til nye Ullensvang kommune. Dei 8 sokna, Odda, Tyssedal, Ullensvang, Kinsarvik, Utne, Jondal, Røldal og Skare er no samla under Ullensvang kyrkjelege Fellesråd (UKF). Det har vore utfordrande både i prosessen og etter samanslåinga, grunna prestemangel, sjukefråvær, covid-19 og manglande stabilitet i leiinga. Den nye organisasjonen er dermed heilt i startgropa på å finna si form.

Førre visitas i gamle Ullensvang prestegjeld; Jondal, Utne, Kinsarvik, Ullensvang og Eidfjord sokn, var ved biskop Halvor Nordhaug 18.-22. mai 2011.

Førre visitas i gamle Odda prestegjeld; Odda, Tyssedal, Skare og Røldal sokn, var ved biskop Halvor Nordhaug 10.-15. november 2015.

I foredraga etter begge visitasane kom biskopen både med lovord og utfordringar. I Ullensvang prestegjeld løfta han fram det framifrå kyrkjemusikalske arbeidet og satsinga på ungdom etter konfirmasjonstida. I Odda prestegjeld løfta han fram det godt etablerte kyrkje-skulesamarbeidet, det diakonale arbeidet og satsinga på pilegrimskyrkja i Røldal. Av utfordringar peika han på tydinga av å gå til gudsteneste av vane. Han oppmoda til å ta vare på tradisjonar, men kyrkja må framfor alt vere ei framtidsskyrkje. Han utfordra til gjevartenester lokalt og utvikling av den frivillige tenesta i alle sokn. Mange kan bidra litt og dei som bidreg må takast vare på.

Korleis har det så gått dei 10-15 åra etter førre visitas? På nasjonalt nivå har kyrkja vore gjennom store endringar. I 2012 vedtok Stortinget ei historisk grunnlovsending som endra tilhøvet mellom kyrkje og stat. I 2016 vart Kyrkjelova endra og Den norske kyrkja vart eige rettssubjekt (2017). Same året vedtok Kyrkjemøtet ny vigselsturgi og i 2021 vart ny lov om trus- og livssynssamfunn vedteke. Dei store endringane på overordna nivå førte til mange prinsipielle og krevjande samtalar lokalt, og ei viss uro for kyrkja si framtid. I 2016 var det fleire utmeldingar frå kyrkjene i våre område enn me har hatt, både før og etter. Elles er tilbakemeldinga frå sokna at dei overordna endringane ikkje har ført til store endringar i måten vi er kyrkje på. Den største endringa for kyrkjene i Ullensvang har vore kommunesamanslåinga i 2020, og med det samanslåinga av tre fellesråd. Sidan 2019 har det vore nærast total utskifting av stab, med nokre unntak i Odda og Jondal. Saman med pandemien har dette ført til at kyrkja i Ullensvang har stått i store organisatoriske endringar, som og har påverka kyrkjelivet. Det er framleis god oppslutnad ved høgtid- og merkedagar. Ved alminnelege gudstenester er der ei aldrande, trufast gruppe som deltek. Nokre stader har ein hatt messefall dei siste åra. Det er sidan 2020 innført kvardagsgudstenester i fleire av kyrkjene. Me trur dette på sikt kan skape fornying av gudstenestevanar og kvardagstru. I trusopplæringa byggjer me på tiltak som har vore godt forankra i kyrkjene over tid. Fleire nye tiltak for barn og unge er og etablert. Utne er no den einaste staden med tilbod til unge etter konfirmasjonstida. Etter førre visitas vart det etablert ei gjevarteneste for «Gamle Ullensvang». Dei siste åra har den stått «på bok». Det er samtalar om korleis midlane skal brukast. Når det gjeld frivillig teneste, er tilhøva omlag som før. Fleire stader er det aktive sokneråd som er med bidreg frivillig, der det trengs. Det er sterk vilje til å ta vare på kyrkjene og kyrkjebygga, og stort engasjement knytt til samarbeid mellom sokneråd og stab.

### 3. Tilhøva i sokn og kommune

Nye Ullensvang kommune vart oppretta i samband med kommunereforma som vart sett i kraft 1. januar 2020. Kommunen har det største arealet av kommunar i Sør-Noreg, og med sine vel 11 000 innbyggjarar er det den trettande største kommunen i Vestland med omsyn til folketal. Ullensvang er Noregs friluftshovudstad. Kor du enn er i kommunen vil du vera nær ei stor oppleving. Trolltunga og Dronningstien er dei mest kjende attraksjonane. Naturen med fjell og fjord, bløming og sidersmaking trekker til seg turistar frå inn og utland. Nasjonalparkane Folgefonna og Hardangervidda rammar inn kommunen geografisk og Jondal har status som Nasjonalparklandsby. Jakt, fiske og tradisjonar knytt til fjellet har vore sentrale for livsgrunnlaget i tidlegare tider. Framleis er desse tradisjonane viktige for mange i vår kommune.

Ullensvang har den 3. største vasskraftproduksjonen i landet. Då industri og elektrisitet kom til Noreg, vart fjella og vassressursane føresetnader for industrireisinga som skjedde inst i fjorden, i Tyssedal og Odda. Det medførte store endringar for både menneske og miljø. Ullensvang er den største konsesjonskraftkommunen i landet, og den største heimfallskraftkommunen. Det er og den kommunen som disponerer størst kraftportefølje som vertskommune.

Hovudnæringa i dag er industri. Sinksmelteverket Boliden i Odda skal med fabrikkutbygginga bli eit av dei mest effektive og klimavenlege og industrianlegga i verda. På det meste har opp mot 1500 arbeidarar vore med i byggeprosessen. I 2024 feira Boliden Odda og Bolidenkonsernet 100 år. Kommunen har og ei rekke små og mellomstore bedrifter, hovudsakleg innan leverandørindustri og maritim industri. Ullensvang er den største fruktprodusenten i landet. Fjorden har vore ei viktig ferdsløare, med dampskipa kom dei første turistane og turismen er framleis ein viktig næringsveg.

Ein stor del av befolkninga arbeider i sekundærnæringar. Odda sjukehus er akuttsjukehus under Helse Fonna. Det er sju helseinstitusjonar i kommunen. Kommunen har dei siste åra teke imot 35 flyktningar årleg. Her er 10 grunnskular og 13 barnehagar og vidaregåande skule i Odda. Barn og unge har eit variert fritidstilbod hovudsakleg innanfor idrett og kultur. Her er fleire kor for vaksne, bygdekvinnelag og Røde Kors står sterkt i regionen.

Spreidd rundt i kommunen finn ein åtte kyrkjer. Tre av dei er frå mellomalderen. Kinsarvik kyrkje er eldst, og saman med Røldal, dei mest uendra. Ullensvang kyrkje vart sett på kartet under nasjonalromantikken. Kyrkjene i Odda, Jondal og Utne er vakre trekyrkjer, oppført på slutten av 1800-talet. Skare er fjellkyrkje og Tyssedal arbeidskyrkje, begge frå 1900-talet.

Folketalet i Ullensvang kommune i 2023, fordelt på dei åtte sokna:

<b>Odda</b>	<b>Tyssedal</b>	<b>Røldal</b>	<b>Skare</b>	<b>Jondal</b>	<b>Utne</b>	<b>Kinsarvik</b>	<b>Ullensvang</b>
5007	625	432	482	1123	1202	904	1234

## 4. Råd og tilsette

### 4.1 Sokneråd og fellesråd

#### Jondal sokneråd

##### **Maria Eide Sørheim**

Sveinung Toreid  
Ingebjørg Birgit P. Grøtt  
Ida Sofie Holmen  
Eli Galtung Torsnes  
Trygve Baggegård Myrlid

##### Vara:

Silje-Margrete Fjærtøft  
Rannveig Hammer  
Arjen Lambertus  
Hendrik Stolk  
Mona Stølheim Aasen

#### Kinsarvik sokneråd

##### **Torbjørn Bjøteit**

Kåre Tormod Nakkerud  
Trond Tandberg  
Marit Ingebjørg Høyland  
Britt-Helen Stuholm  
Åsa Rønning

##### Vara:

Randi Elisabeth Oppedal  
Grete Johanna O Lutro  
Tore Sørhaug  
Anne Irene Djørne Hageland

#### Odda sokneråd

##### **Kjartan Aano**

Tor Jurs Meusburger  
Arvid Svåsand  
Edith Hauge Jensen (pm)  
Stig Rødal  
Ingeborg Igeltjørn

##### Vara:

Wenche Jordal  
Gunn Gravdal Elton  
Joar Karsen Øygard  
Torill Margrethe Lunde

#### Tyssedal menighetsråd

##### **Anne Lise Knoff**

Christine Taklo Schmidt (pm)  
Ester Meland  
Line Knudsen  
Stine Mari Opedal Berg

##### Vara:

Solfrid Horne-Moe  
Frode Olsen

#### Røldal sokneråd

##### **Lars O. Seim**

Margit Rabbe Gjerv  
Dag Sverre Ekkje  
Ove Gj Lynghamar  
Marigitt Bratteteig  
Dagny Haara

##### Vara:

Unni Sandal Medhus  
Aud Marie Lynghammer  
Gro Kari Tveita  
Rønnaug Tveita

#### Skare sokneråd

##### **Aud Skår Straumsøy**

Eli Brekke Våde  
Kjetil Borge  
Kim Alexandra K. Runnane  
Vara:  
Marianne Runnane  
Tiina Anine Skarsvåg Skjerven  
Olav Skare

#### Utne sokneråd

##### **Tora Lerfall Alvsåker**

Kari Bjørkavoll Eitrheim  
Elisabeth Nilsen Emmerhoff  
Knut Haukelisæter  
Jon Reisetser  
Silje Selvær

##### Vara:

Turid Langesæter  
Kari Wagtskjold  
Asbjørn Lirhus  
Brita Bjørg Olsen

#### Ullensvang sokneråd

##### **Bjørn Inge Eidnes**

Solfrid Borge  
Sverre Kleivkås  
Jarle Aarsand  
Yngve Jåstad  
Leif Øye  
Ellen Christ Nydal Sekse  
Roy Steinsland

##### Vara:

Britt-Elin Opheim Lutro  
Britt Bekkevoll Eidnes  
Elin Ersland  
Knut Arne Espe  
Magnhild Helleland

#### Ullensvang kyrkjelege fellesråd

##### **Lars O. Seim**

##### **Roy Steinsland**

##### **Anne Lise Knoff**

Trond Tandberg  
Tor Meusburger  
Aud Skår Straumsøy  
Trygve Baggegård Myrlid  
Kari Bjørkavoll Eitrheim  
Bengt Arvidsson  
Roald Aga Haug

##### **Røldal sokneråd, leiar**

##### **Ullensvang sokneråd, nestleiar**

##### **Tyssedal menighetsråd, arbeidsutval**

Kinsarvik sokneråd  
Odda sokneråd  
Skare sokneråd  
Jondal sokneråd  
Utne sokneråd  
Geistleg representant  
Ullensvang kommune, Ordførar

## 4.2 Tilsette

### **Prestar tilsett av Bjørgvin bispedøme 2015-2024**

<i>Bjørn Tore Sæle</i>	<i>Sokneprest i Kinsarvik og Eidfjord 1996 - 2018</i>
<i>Johannes Hystad Pettersen</i>	<i>Sokneprest i Kinsarvik og Eidfjord 2019 – 2024</i>
<i>Brigt Sigve Skeie</i>	<i>Sokneprest i Jondal og Utne 2009 - 2015</i>
<i>Carsten Mrusek</i>	<i>Sokneprest i Jondal og Utne 2015 - 2019</i> <i>Sokneprest i Røldal og Skare 2019 - 2020</i>
<i>Tom Sverre Tomren</i>	<i>Vikarprest i Jondal 2020 - 2021</i>
<i>Tore Thomassen</i>	<i>Vikarprest i Jondal 2019 , Vikarprest i Skare og Røldal</i>
<i>Arne Sveinung Nataas</i>	<i>Sokneprest i Skare og Røldal 2004 - 2018</i>
<i>Marna Roer</i>	<i>Prestevikar i Jondal og Utne 2020 - 2024</i>
<i>Stein Ove Skadal</i>	<i>Sokneprest i Jondal 2019 - 2020</i> <i>Sokneprest i Skare og Røldal 2020 – 2023</i>
<i>Njål Alvar Engmark</i>	<i>Sokneprest i Ullensvang 1995 - 2018</i>
<i>Arnulf Sandvik</i>	<i>Vikarprest i Ullensvang 2019 - 2021</i>
<i>Jostein Skutlaberg</i>	<i>Vikarprest i Kinsarvik og Ullensvang 2019, Vikarprest i Utne 2020</i>

<i>Margrethe Ølberg Rød</i>	<i>Sokneprest i Odda og Tyssedal 2014 -</i>
<i>Norunn Rød Markhus</i>	<i>Prestevikar Odda og Tyssedal 2022 -</i>
<i>Bengt Staffan Arvidsson</i>	<i>Prestevikar i Skare og Røldal 2023 – 2024</i> <i>Fungerande sokneprest i Skare og Røldal 2024 -</i>
<i>Arne Opsahl-Engen</i>	<i>Prestevikar Odda og Tyssedal 2019 - 2021</i> <i>Prestevikar Skare og Røldal 2018 - 2019</i> <i>Prestevikar i Jondal og Utne 2021 - 2024</i> <i>Fungerande sokneprest i Jondal og Utne 2024 -</i>
<i>Leni Mæland</i>	<i>Sokneprest i Ullensvang 2021 -</i>
<i>Signe Elisabeth Kvåle</i>	<i>Sokneprest i Kinsarvik og Eidfjord 2024 -</i>

### **Diakoni**

<i>Margot-Helene Backer-Owe</i>	<i>Diakonmedarbeider</i>
---------------------------------	--------------------------

### **Trusopplæring**

<i>Manuela Bjotveit</i>	<i>Kyrkjelydspedagog Ullensvang og Kinsarvik sokn, deltid</i>
<i>Therese Søylen Meusburger</i>	<i>Barne- og ungdomsarbeidar Odda, Tyssedal, Skare og Røldal sokn, deltid</i>

### **Kyrkjemusikk**

<i>Pawel Cabala,</i>	<i>Kantor Odda, Tyssedal, Skare og Røldal sokn</i>
<i>Krzysztof Ulita</i>	<i>Organist Odda, Tyssedal, Skare og Røldal sokn, deltid</i>
<i>Eva Megyesi</i>	<i>Kantor i Ullensvang og Kinsarvik sokn, deltid</i>
<i>Gro Belsnes Eide</i>	<i>Organist Utne sokn, deltid</i>
<i>Anne Karin Stormyr</i>	<i>Kantor og kyrkjelydspedagog i Jondal sokn, deltid</i>
<i>Silje Hveem Lofthus</i>	<i>Musikar Ullensvang sokn, deltid</i>
<i>Åslaug Eikrem Utne</i>	<i>Korleiar, Utne sokn, deltid</i>

### **Kyrkjetenarar**

Bård Kråkevik	Kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar, Jondal sokn, deltid
Annett Rosenberger	Kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar, Utne sokn, deltid
Anders Auganes	Kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar, Kinsarvik sokn, deltid
Sjur Ø Børve	Kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar, Ullensvang sokn
Srisantharajah Arunakiri	Medhjelpar kyrkje og kyrkjegard, Ullensvang sokn
Anne Marie Reistad	Kyrkjetenar Tyssedal og Odda, deltid
Olav Andor Lono	Kyrkjetenar, krematorium- og kyrkjegardsarbeidar, Tyssedal, Odda, Skare, og Røldal sokn

### **Administrasjon:**

Gry-Helga Aarhus	Sekretær/sakshandsamar, deltid, Kinsarvik
Angunn Handegard Trå	Sekretær/sakshandsamar
Helene Reinsnos Apold	Kontorleiar
Oddbjørn Vestbøstad	Kyrkjeverje

## **5. Det åndelege livet i kyrkjelyden**

### **Odda sokn**

#### **5.1 Generell vurdering**

Odda er ein typisk industriby, med omlag 5000 innbyggjarar. Boliden er den største arbeidsplassen med omlag 350 tilsette. Turisme er ei stor næring og Odda er ein pulserande by i sommarhalvåret. Det er eit internasjonalt miljø, mellom anna med mange frå Ukraina og Polen. Dei er godt integrert i skule og i arbeidsliv. Her er fleire lag og organisasjonar for barn og unge, der ein kan vera med på fotball, turn og vinteridrett. Odda har eige Litteratursymposium med tilreisande frå heile landet. Kyrkja har over fleire år hatt eit godt samarbeid om litteraturgudstenester i kyrkja. Odda kyrkje ynskjer å vere ei synleg kyrkje, og er glad for å bli rekna med som samfunnsaktør. Dei seinare åra har folketalet minka. Fødselstala er låge og talet på eldre med omsorgsbehov aukar. Det er grunn til å tru at både blant yngre og eldre er det fleire som kjenner på utanforskap.

Soknet har hatt høg oppslutnad om dåp, konfirmasjon og gravferd. No ser me ein viss nedgang. Tradisjonar står likevel sterkt. Dei fleste ein møter er positive og har respekt for kyrkja. Barnetrua er eit ord som ofte blir brukt når folk skal seie noko om trua si. Me får av og til glimt av kva livssyn som er i rørsle i møter med enkeltmenneske. Nokre fortel at dei ikkje finn det dei leitar etter i kyrkja, og søker til ny-åndelege rørsler. Fleire gjev uttrykk for at tru eller kyrkje ikkje er noko dei har eit forhold til. Me ser fleire tendensar til endring på livsynsfeltet. Om lag 15 unge vel borgarleg konfirmasjon kvart år. I Odda er det elles ei rekke kristne fellesskap; Frelsesarmeen, Filadelfia, Indremisjonen og Troens Ord. To katolske fellesskap har regelmessig gudsteneste, utan eigne kyrkjer. Kirkens bymisjon er godt etablert i Odda, og samarbeider om enkelttiltak med soknet.



## 5.2 Det kyrkjelege arbeidet

Soknet har om lag 3600 medlemmer. Tilknytninga til soknekyrkja er lågare i Odda enn andre stader i UKF. Noko av grunnen til det, kan vere at kapellet på Berjaflot vert mest brukt til gravferder i soknet, og at folk ikkje får same eigarforhold til kyrkja si. Odda soknehus er tilhaldsstad for administrasjonen for heile UKF. Her er kontorplass for 3 administrative stillingar i 100 %, to prestar i 100 %, trusopplærar i 50 %, to organistar i til saman 150 %, samt diakonmedarbeidar i 100 %. Alle arbeider i meir enn eit sokn. I tillegg har ein kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar i 100 % med møtestad på Berjaflot, samt kyrkjetenar på timebasis. Organistane og kyrkjetenarane står for stabiliteten i soknet; dei siste åra har stabsfellesskapet vore prega av vikarar og nye tilsette, men er no i ferd med å «setje seg». Odda er også ofte vertskap for storstabsmøte for heile UKF.

Oddingane går ikkje så ofte på gudstenester, men set pris på kyrkja ved overgangane i livet. Det kyrkjelege arbeidet er delt opp i ulike einingar. Diakonmedarbeidar er engasjert i arbeid med besøksteneste og institusjonsbesøk, og mest tid brukar ho til å skapa nye møtestader og byggje fellesskap. Å byggje fellesskap på tvers av konfesjonar har også vore i fokus; felles Alpha kurs det siste året har skapt engasjement. Trusopplærar driv eit utstrekt tweensarbeid. Dette er ein fase av livet, der mange tek stilling til det som har med tru å gjere. Dette er såleis eit viktig satsingsområde for kyrkja. Det siste året har prestevikar også samla born til kor i SFO-tid. Særs gledeleg er det at det er regelmessig småbarnskafé og søndagsskule driven av frivillige. Konfirmantarbeidet er positivt og godt. Me samlar no konfirmantar frå 4 sokn. Prestane, diakonmedarbeider og trusopplærar er og med i arbeidet. Prestar og kyrkjemusikarar brukar og ein del tid på å møte eldre i Odda. Det blir arrangert middagsbøn i kyrkja og institusjonsandaktar. Framover ynskjer ein å satse meir på familiearbeid.

Odda har eit særs godt samarbeid med skule og barnehage. Samarbeidspunkta er knytt til høgtidene, men også til tema som pilegrim, sorg og kyrkja som bygg. Eigen plan er etablert og vert følgt.

Det er få frivillige i Odda sokn. Dei fleste initiativ kjem frå stab og er leia av stab. Soknerådet har 6 faste og 3 varamedlemmer. Soknet eig Soknehuset og mykje av soknerådet sitt arbeid er bunde opp til å forvaltning av dette. Det gjev og inntekt til soknet. Soknerådet deltek på fasteaksjonen for konfirmantane og juletreff i januar. Dei siste åra har soknerådet og frivillige arrangert fleire kulturkveldar, mellom anna i samarbeid med Odda Mållag. Me har også føremiddagstreff for eldre.

### 5.2.1 Gudstenestelivet

Odda sokn	2019	2020	2021	2022	2023
Gudstenester	45	30	34	40	36
Deltakarar	3247	1722	1730	3083	3015
Snitt	72	57	51	77	84
Nattverdsgrt.	24	16	18	15	18
Deltakarar	601	177	361	164	195

Gudstenestefrekvensen i Odda er to gudstenester i månaden. Turnusen er ikkje fast. Tala syner at det er færre gudstenester gjennom året no, enn før pandemien. Deltakarsnittet er aukande. Gudstenestesøkinga sett i forhold til tal på medlemmer er forholdsvis høg. Ein har dei siste åra freista å opne opp for større deltaking av frivillige og betalte aktørar inn mot gudstenestelivet. Mellom anna har ein hatt jazzmesse og litteraturgudsteneste der heile UKF er med. Det siste året har ein også arrangert kveldsmesser på onsdagskveldar med varierende oppmøte. Elles prøver ein kvart år å ha hausttakkefest, friluftsgudsteneste, lysmesse og søndag for forfølgde. Det er lang tradisjon for at kyrkja arrangerer 1. mai-gudsteneste på smelteverkstomta, i samarbeid med 1. mai-komiteen. Familiegudstenester har hatt dalande oppmøte. Grupper av konfirmantar har dei siste åra gjort teneste på gudstenester og tre trufaste klokkarar deltek frivillig. Dei lagar og enkel kyrkjekaffi. Kyrkjelyden i Odda har to fellesgudstenester i samarbeid med andre kyrkjesamfunn kvart år. Nattverdssøkinga har hatt ei viss nedgang etter pandemien. Ein har dei siste åra brukt meir intinksjon og ser at det senker terskelen noko. Odda har relativt mange dåp fordelt på gudstenestene. Når det er dåp er det sjeldan nattverd.

### 5.2.2 Kyrkjelege handlingar

Odda sokn	2019	2020	2021	2022	2023
Døypte	16	18	25	29	19
Konfirmerte	33	36	38	38	41
Vigsler	3	2	1	9	3
Gravferder	52	56	85	78	69

Talet på dåp har vore stabilt dei siste åra. Dei fleste kyrkjemedlemmer døyper barna sine og dei fleste 15 åringar vèl enno kyrkjeleg konfirmasjon. Det kjem fleire førespurnader om dåp utanom hovudgudstenesta. Me ser tendensar til auka individualisering i forhold til kyrkjelege handlingar generelt. Mange ynskjer meir personleg preg og tilpassing enn før. Det kan vere tidkrevjande for tilsette. Ein ser og auka mobilitet mellom Tyssedal og Odda når det gjeld dåp. Odda har dei siste åra hatt mellom 2-5 ungdoms- og vaksendåp årleg. Etter samanslåinga arbeider vi mot at tilbodet til konfirmantane skal vere likeverdig for alle som konfirmerer seg i vår kommune. Samarbeidet med gravferdsbyrået er godt. Fleire vel no bisetjing, fleire vel lukka seremoni og fleire gravferder er knytt til andre livssyn. Tre prestar i mindre sokn har tenesteveker også i Odda. Tal på vigsler er lågt. To av fem prestar i UKF har vigselrett.

## Tyssedal sokn

### 5.1 Generell vurdering

Tyssedal er ei typisk industribygd. Mange arbeidar på hjørnesteinsbedrifta Ineos. Bygda har ei stolt krafthistorie samla på Kraftmuseet. Det engasjerer både lokalbefolkning og turistar. Tyssedal er også startstad for tur til Trolltunga. Mange turistar som nyttar parkeringsplassen til kyrkja. Tyssedal har eigen skule, barnehage, idrettslag og flott idrettshall, dei har forsamlingshuset Festiviteten og eigen matbutikk. Tyssedølene har sterk bygdeidentitet og arbeider hardt for å få behalde tilboda sine. Bygda har bokmål som målform, noko dei er særst stolte over. Her er og innbyggjarar som kjenner på utanforskap, mellom anna knytt til rus. Tyssedal fekk kyrkje

fyrst i 1965. Før den tid var det slumsøstrene til Frelsesarmeen som dreiv kristeleg arbeid i bygda. Mange var engasjert då kyrkja vart bygd. Kyrkja hadde eigen prest fram til 2011. Sidan den tid har ein delt prest og andre tilsette med Odda.

## 5.2 Det kyrkjelege arbeidet

Tyssedal sokn har omlag 440 medlemmer. Engasjementet i kyrkja vart særskild ramma då presteressursen vart tatt bort. Det har vore vanskeleg å få folk til å sitje i sokneråd. Det arbeidet som har vore, har vore initiert og gjennomført av tilsette. Trusopplærar har fått med seg frivillige til å drive tweensarbeid, noko som har fungert godt dei siste åra. Det er også lang og god tradisjon for kveldsskullegudsteneste i adventstida. Den samlar skulen og heile bygda. Før kyrkjevalet i 2023 var aktiviteten i kyrkja marginal og det vart forslått ei samanslåing av Odda og Tyssedal sokn. Då mobiliserte tyssedølene og klarte å etablere nytt sokneråd som har tatt tak. Dei siste par åra har dermed aktiviteten auka. Kyrkja har no barnekor, frivillige og tilsette har saman arrangert basarar og julefest. Ein strikkekafé har fast tilhaldsstad i kyrkja og småbarnstreff vert arrangert. Innbyggjarane i Tyssedal arbeider for å bevare tilbod i bygda si og det er gledeleg å sjå at dei også ynskjer å bevare kyrkjearbeidet.

### 5.2.1 Gudstenestelivet

Tyssedal sokn	2019	2020	2021	2022	2023
Gudstenester	15	10	9	12	13
Deltakarar	689	273	158	496	491
Snitt	45	27	17	41	38
Nattverdsgrt.	8	4	7	7	4
Deltakarar	72	36	53	60	45

Tyssedal har om lag ei gudsteneste i månaden. Turnusen er ikkje fast. Gudstenestesøkinga har gjennom pandemien vore svak, men har tatt seg opp dei siste åra. Deltakinga i forhold til folketal er høg samanlikna med nasjonale tal. Tilsette og sokneråd har dei siste åra prøvd ut ulike former for gudsteneste. Ei barnekor-gruppe er etablert i kyrkja. Når dei og konfirmantane deltek, søker fleire til gudsteneste. Kvardagsgudstenester verkar til å fungere betre enn søndagsgudstenester. I 2024 har ein prøvd ut temagudstenester med Bjørn Eidsvåg sine salmar, Skaparverkets dag, Agent for rettferd, og gudsteneste med Tyssedals historie. Om lag 1000 har delteke på gudsteneste siste året! Sittande sokneråd er engasjerte og deltakande inn mot gudstenestelivet. Dei bidrar som kyrkjevertar, med song og kyrkjekaffi. I mai 2025 vert kyrkja 60 år. Soknerådet ynskjer å få til eit bredt engasjementet i bygda knytt til jubileet.

### 5.1.2 Kyrkjelege handlingar

Tyssedal sokn	2019	2020	2021	2022	2023
Døyppte	5	4	1	4	5
Konfirmerte	5	2	0	5	0
Vigsler	1	1	0	2	0
Gravferder	2	6	2	1	1

Tyssedal har små barnekull. Konfirmasjonstala endrar seg noko frå år til år og har samanheng med fødselstala. Ein ser ei aukande tendens til at fleire vel vekk tradisjonane. Få vert no gravlagd frå kyrkja og dei har ikkje eigen gravplass. Det er få vigslar i kyrkja. Dersom nokon giftar seg, gjer dei fleste det borgarleg. Trolltunga er ein ynda vigselplass.

## Ullensvang sokn

### 5.1 Generell vurdering

Ullensvang sokn strekker seg langs Sørfjorden i Indre Hardanger. Riksveg 13 går langs fjorden med hus og fruktgardar på begge sider. Lofthus er tettstad. Her finn ein Ullensvang hotell, Hardanger tingrett, NIBIO forskingsstasjon og Hardanger Folkehøgskule. Her er fleire serveringsstader, samfunnshus og grendehus. Saman med kyrkja er dette plassar der folk møtes. Det er ikkje bedehus eller kristne lag og organisasjonar i soknet. Folkekyrkja står sterkt. Fleire innflyttarar og flyktningar er busett i våre område. Dei seinare åra har opp mot 16. nasjonalitetar vore representert på Opedal barneskule. Kyrkja har kontakt med nokre av disse, særskild gjennom barne- og konfirmantarbeid. Sommarhalvåret er det stor turisme i området og tilsvarande køar langs vegane. Vinterhalvåret er vegen mellom Tyssedal og Lofthus av dei mest ras utsette områda i kommunen. Siste året har me utsett fleire gravferder i UKF av den grunn.

Tal frå 2023 viser at Ullensvang sokn har det lågaste medlemstalet i forhold til folketal i UKF. Her er 68,3 % av innbyggjarane medlemmar. Vi ligg over landsgjennomsnittet på 62,6 %, men under snittet i UKF som er på 75 %. Endringar i demografi (innvandring) og aukande sekularisering kan vere årsaksforklaringar. Det er ei generell oppleving av at folk er positive til kyrkja. Fleire omtaler seg sjølv som kvardagskristne heller enn søndagskristne. Dei renn ikkje ned kyrkjedørene og kjem til kyrkja når dei har noko i kyrkja å gjere. Tru er noko ein kanskje ikkje snakkar så mykje om. Det betyr ikkje at den ikkje er der. Kyrkja blir brukt som konsertarena og fungerer som bygda sitt kulturhus. Fem av tolv konsertar i fjor, var i regi av Hardanger Musikkfest.

### 5.2 Det kyrkjelege arbeidet

Soknet har 843 medlemmar. Det kyrkjelege arbeidet er delt opp i mange greiner. Kvar for seg kan vi tenkje at det ikkje er så mange som er med. I arbeidet med statistikk for 2024 gjorde vi eit reknestykke på kor mange som i gjennomsnitt er på ei eller fleire tilstellingar i løpet av eit år. Vi fann at det er eit snitt på 400 personar i kyrkja pr. månad. I eit lite sokn er det ein heil del. Noverande stab består samla av ca. 2,5 tilsette, alle tilsett i løpet av dei fem siste åra. Vi legg vekt på å bygge relasjonar og vere til stades i nærmiljøet. Mange av tiltaka har vore i oppbygging etter pandemi og vakansar. Her er eit stort og aktivt sokneråd. Dei utgjer hovudvekta i det frivillige arbeidet. Dei bidreg inn i gudstenesta med klokkarteneste, er kyrkjevertar og lagar kyrkjekaffi. Dei er brannvakter, organiserer fasteaksjon, konsertar og held dugnader gjennom året. Soknerådet har siste året avvikla det gamle soknehuset, og er i gang med restaurering av Borgstova, som skal bli ny samlingsstove. Det skaper engasjement og draumar om framtida. Det er oppretta eit moglegheitsstudie, for etablering av Nasjonalt Frukt- og Sidersenter på området rundt kyrkja, her ser vi og for oss framtidig samarbeid.

Kyrjekontoret ligg i Kinsarvik og bidreg til nært samarbeid med Kinsarvik sokn. Storstabsfellesskapet ein ressurs for tilsette i små sokn. Fleire gonger har me gått saman om å skape noko større enn det me kunne fått til åleine. Samanslåinga har gjeve oss ein meir robust organisasjon.

### 5.2.1 Gudstenestelivet

Ullensvang	2019	2020	2021	2022	2023
Gudstenester	25	20	23	28	30
Deltakarar	1440	633	889	1282	1470
Snitt	57,5	31,65	38,1	45,7	49
Nattverdsgrt.	15	8	11	10	13
Delt. nattverd	193	43	61	93	123

Det har vore gudstenester annankvar veke dei siste fem åra. I 2020 starta vi med kvardagsmesser ein gong i månaden. Det utgjer ikkje stor skilnad i oppmøtetetal, men det er ein noko anna kyrkjelyd som møter der. Soknerådet ynskjer å satse på disse.

Siste året har kontor etablert ei forsongargruppe med 5-7 personar. Dei deltek på dei fleste gudstenester og bidreg til utvida salmepertoaret og gjer det mogeleg å ta i bruk liturgisk variasjon ved høgtider. Friluftsgudstenester er nytt i vårt sokn og høver godt ein stad der tru og natur er nært bunde saman.

Vi har dei siste to åra fått betre integrering av trusopplæring og gudstenesteliv. Minikyrkje-arbeidet har synt oss at også middelalderkyrkjer har plass til langbord, barn og leik. Eit framtidsprosjekt er å sjå om me kan fjerna benkar bak i kyrkja for å gje kyrkjerommet større fleksibilitet. Me held på tradisjonen med folkemusikkmesse pinsedag. Her møter folk sitt eige språk og sine tonar. Prestegarden blir brukt til ei rekke samlingar. Det er mykje som kunne vore gjort. Me går sakte fram for å avstemme ressursar med visjonar.

### 5.2.2 Kyrkjelege handlingar

Ullensvang	2019	2020	2021	2022	2023
Døypte	11	11	10	14	6
Konfirmerte	9	5	14	9	13
Vigsler	5	5	3	10	8
Gravferder	11	11	12	15	11

Det er jamn tilslutning til kyrkjelege handlingar siste fem åra. Den største endringa skjer i forhold til dåp. I fjor vart 60 % av alle fødde born i soknet døypt. Me erfarer at fleire av dei som vel å ikkje døype borna sine, likevel er av dei mest aktive i kyrkja sitt barne- og familiearbeid. Dei vil at borna skal vere med, men at dei skal få velgje sjølv om dei vil døypast. Vi har hatt fleire dåp av born og konfirmantar frå Sør-Sudan.

Ullensvang kyrkje er den mest brukte vigselkyrkja i kommunen. Oppslutninga om gravferdene er god. Det er skikk at ein frå kvar husstand, tilhøyrande grenda til avdøde, deltek. I Ullensvang har

vi særeigne praksisar med ljostenning og båretvers. Gravferdsbyrå er i mindre grad involvert når det er gravferd, og meir involvert når det er bisetjing.

## **Kinsarvik sokn**

### **5. 1 Generell vurdering**

Kinsarvik kyrkje er den eldste kyrkja i Hardanger, og representerer ein svært lang tradisjon som kyrkjestad og administrasjonssenter for regionen. Den allmenne oppslutninga om kyrkja er god, og medlemstalet stabilt. For perioden me no skriv melding om, har soknet hatt to sokneprestar, det har vore soknerådsval og ny sokneprest frå september 2024. Inntrykket og oppsummeringa vil difor bere preg av dette.

Åndeleg liv og aktivitet er i all hovudsak konsentrert om kyrkja og gudstenestene. Me har ingen andre kjende forsamlingar eller frikyrkjer i nærleiken. Det er vår vurdering at også oppslutninga om gravferdene i bygda høyrer til i biletet av åndeleg liv og aktivitet. Det er enno ein sterk tradisjon i bygdefolket å fylgja dei døde til grava og dermed delta i gravferdsseremonien i kyrkja. Dette så sant dei pårørande framleis vil det, og har ei open gravferd. Her ser me kanskje byrjinga på ei endring etter pandemien og dei sterke endringane for all slags samlingar som fylgde med denne.

Kinsarvik er også administrasjonssentrum i gamle Ullensvang herad. Staden har enno eit godt heradshus med fleire administrative funksjonar, og kyrkjekontoret for Kinsarvik sokn og Ullensvang sokn er lokalisert her. Kyrkjekontoret fungerer som ein viktig samlingsstad for staben, me har regelmessige stabsmøte som sikrar samhandlinga oss i mellom.

### **5.2 Kyrkjeleg arbeid**

All kyrkjeleg undervisning er konsentrert om små og litt større born (Sjå melding frå trusopplæring) Tiltaka har høg kvalitet og god oppslutning. Det vil vera interessant å sjå om det er interesse for fleire tiltak for vaksne og unge vaksne. Vaksenundervisninga held til i Kinsarvik, og har hatt ynskje om eiga samling i desember. Dette har vore fine samlingar, kanskje med mest diakonalt preg. Det er eit stort ynskje å få til diakonale tiltak overfor fleire grupper og folk i bygda. Det vert arrangert fleire konsertar i kyrkja i løpet av året, både ved organisten og soknerådet.

Konfirmantarbeidet i Kinsarvik og Ullensvang vart slått saman i 2019. Det er mellom 20-25 konfirmantar kvart år. Vi samarbeider med Eidfjord, Ulvik og Granvin om ei rekke tiltak som «kortreist pilegrimsvandring», leir og temasamlingar. Konfirmantane er minestrantar på gudstenester gjennom året. Det vert arrangert fleire konsertar i kyrkja i løpet av året, både ved organisten og soknerådet.

Kyrkjekontoret for Kinsarvik og Ullensvang sokn ligg i Kinsarvik og har kontorfullmektig i 40% stilling. Det er kyrkjegardsarbeidar og kyrkjetenar i deltidsstilling. Det er viktig for stab, sokneråd og folk her, at me har kontor i nærområdet. Kommunesamanslåinga, og med det nytt fellesrådsområde, har bidrege til å samordna og utvikla ressursane til det kyrkjelege arbeidet, og opplevast i hovudsak positivt.

### 5.2.1 Gudstenestelivet

Kinsarvik sokn	2019	2020	2021	2022	2023
Gudstenester	25	22	19	21	23
Deltakarar	1706	562	638	726	998
Snitt	68	25	33	34	43
Nattverdsgrt.	11	13	8	6	9
Deltg. nattverd	56	74	13	45	134

Soknet har hatt om lag to gudstenester i månaden, inkludert høgtidsdagane gjennom året. Hovudinstrykket er at dette litt for mange gudstenester, sjølv om gjennomsnittstalet på deltakarar er ganske bra. For inneverande halvår har sokneprest difor redusert talet på søndagsgudstenester noko og samstundes sett opp kvardagsmesser, etter mal frå Ullensvang, for å prøve ut denne ordninga i Kinsarvik. Bebruarane på Bråvolltunet får vitjing av prest i Ullensvang og Kinsarvik to gonger i månaden. Samarbeidet med institusjonen er godt.

Soknerådet er kyrkjevertar ved gudstenestene. Dei deltek der etter tur med tekstlesing og ymse klokkeoppgåver.

### 5.2.2 Kyrkjelege handlingar

Kinsarvik sokn	2019	2020	2021	2022	2023
Døypte	8	4	8	2	6
Konfirmerte	9	11	8	13	7
Vigsler	0	0	0	1	2
Gravferd	3	11	6	9	6

Dei kyrkjelege handlingane dåp, konfirmasjon og gravferd har høg oppslutning og stor tillit i soknet. Det er her tilknytninga til og behovet for kyrkja viser seg tydelegast. Her har me naturlege variasjonar, men sjølvstakt ein generell nedgang i folketalet.

## Skare sokn

### 5.1 Generell vurdering

Skare sokn ligg 17 km sør for Odda og med sine 300 innbyggjarar er det eit lite sokn, men med svært høge medlemstal. 89,4 % av dei som bur her, er medlemmar. Bygda har eigen skule, barnehage og butikk. Saman med kyrkja er det viktige institusjonar. Skaringane er aktive i lag og organisasjonar og ser på kyrkja som ein naturleg del av livet. Tradisjon og rituala er viktig i overgangane i livet. Dåp og konfirmasjon står difor sterkt. Ser ein lengre tilbake i tid, var det fleire unge familiar som engasjerte seg i det kyrkjelege arbeidet. Dette er ikkje tilfellet dag, men sokneråd saman med prest, diakonmedarbeider og trusopplærar prøver å skipe til arrangement som bygda kan ha glede av.

### 5.2 Det kyrkjelege arbeidet

Skare sokneråd har 4 medlemmar og 3 varamedlemmar. Dei deler sokneprest med Røldal sokn. Trusopplærar og diakonmedarbeidar si teneste her er retta inn mot enkelt-tiltak. Det er svært

godt frammøte på arrangementa i regi av trusopplærar. Soknerådet samarbeider med trusopplærar om Tweens og høgtidsverkstadar før jul og påske. Dei organiserer fasteaksjonen og lagar konfirmantfest før konfirmasjonen. Dei satsar på hausttakkefesten og held ein større kyrkjekaffi to gongar i året. Siste året er det tilsett ny fungerande sokneprest i fast stilling. Fast prest bidreg til kontinuitet i arbeidet. Frå kyrkja sin stab har det vore eit ønskje om eit meir deltakande sokneråd i Skare. Det har det blitt. Dei har innført kyrkjevertar ved gudstenestene og samarbeider om ulike oppgåver i gudstenesta. Etter kvar gudsteneste er det no enkel kyrkjekaffi. Det byggjer fellesskap og er godt motteke. Soknerådet arbeider for å gjennomføre tiltaka som har blitt vedteke i diakoniplanen. Før jul får dei som bur heime og er 85 år eller eldre, ei personleg blomehelsing på døra frå soknerådet.

### 5.2.1 Gudstenestelivet

Skare	2019	2020	2021	2022	2023
Gudstenester	18	14	12	15	13
Deltakarar	836	308	369	794	800
Snitt	46	22	30	53	61
Nattverdsgrt.	10	7	4	2	1
Deltakarar	95	37	15	21	31

Gudstenestetala er nær tilbake til tida før pandemi. Særskild gudstenester med dåp og på høgtidsdagar er godt besøkt. Her har ein dei siste åra ikkje prioritert nattverdsgudstenester. Dette er noko fungerande sokneprest ynskjer å satse på i framtida. Mellom 2020-2023 vart fleire gudstenester avlyste grunna messefall. I 2024 har alle gudstenester vore gjennomført. Sidan 2022 har det vore Lysmesse i Skare. Det har kome til, etter samarbeid om konfirmantar med Odda. Det er eit døme på den gode innverknaden samarbeid på tvers av sokn kan ha. Skulen arrangerer skulegudsteneste med fakkeltog frå skulen før jul. Då deltek lærarar, skuleungane og familiane deira. Dei eldste elevane på 7. trinn får gå fremst. Det eit flott syn når dei kjem ned til kyrkja i vintermørkeret.

### 5.2.2 Kyrkjelege handlingar

Skare	2019	2020	2021	2022	2023
Døypte	7	3	3	7	7
Konfirmerte	9	7	7	8	5
Vigsler	0	0	0	1	2
Gravferder	4	3	5	6	3

Folketalet i Skare har gått litt ned dei siste åra. Variablane i statistikken på kyrkjelege handlingar er små og det er vanskeleg å lese ut av dei store endringar. Det er ein svak tendens til fleire vigslar, elles er variasjonane mykje som før.

## Røldal sokn

### 5.1 Generell vurdering



Røldals bygda er ei fjellbygd i Hardangerviddas sør-vestre hjørne. Bygda var eigen kommune fram til 1964. Sjølv om fjellet gav rike fjellbeite for husdyr, var bygda ei fattig bygd fram til vegen mellom Bergen og Oslo vart fullført i 1890. Folket var og er prega av nærleiken til naturen. Pietismen fekk aldri tak på røldølingane. Det vaks derimot fram ei kveker rørsle mot slutten av 1800-talet. Desse kom på kant med kyrkja, og historia enda med at dei utvandra til Amerika. Kanskje vil røldølingane sei om seg sjølv at dei ikkje er så religiøse, men dei som bur i Røldal no er svært stolte av stavkyrkja og den tilhøyrande pilegrimshistoria. Det vert sakt at den er ein del av folket sin identitet.

## 5.2 Det kyrkjelege arbeidet

I Røldal er stavkyrkja og pilegrimstradisjonen sentrifugalkrafta i det kyrkjelege arbeidet. På 1900-talet og fram til vår tid har det vakse fram ei fornya interesse for pilegrimsvandringar. Det har ført til ei oppvakning om kva pilegrimstradisjonen har å by på. Det har vore fleire pilegrimsvandringar dei seinare åra. Pilegrimsstemnet er lagt til nærmaste helg til "gammaljonsok". Her får dei som kjem del i gudstenester, konsertar, bønetime, foredrag og måltidsfellesskap. Røldalspelet vart sett opp i 2022 og 2023. Det byggjer på forteljingane om sjuke som gjekk lange vegar, i håp om å bli friske ved det vidgjetne krusifikset i stavkyrkja. Spelet nyttar både profesjonelle og lokale aktørar og har fått gode kritikkar. Den gamle prestegarden i Røldal er no overteken av Ullensvang kommune. Planen er å etablere stiftinga; Røldal kultur- og pilegrimsgard. Det er framleis von om å få realisert planane som er teikna. Sist sommar var pilegrimsgarden open i heile 5 veker med eige vertskap. Dei held tidebøner, har samtaleteneste og tilbyr gjestfridom til dei som er på gjennomreise. Det er om lag 15000 betalende turistar i Røldalkyrkja kvart år.

### 5.2.1 Gudstenestelivet

Røldal	2019	2020	2021	2022	2023
Gudstenester	27	20	20	23	19
Deltakarar	849	472	514	821	710
Snitt	31	23	25	35	37
Nattverdsgrt.	16	9	8	8	4
Deltakarar	152	80	187	109	100

I Røldal har det etter pandemien vore færre gudstenester, men deltakartala er aukande. Også her har det vore få gudstenester med nattverd. Skulegudsteneste med fakkeltog er etablert som fast avslutning for skulen før juleferien. Her sluttar heile bygda seg til. Kyrkja har også tradisjon for å halde julekonsertar med profesjonelle artistar. Målet for gudstenestelivet i Røldal er å vende tilbake til det grunnleggjande i vår tru. Etter ei tid med fleire utskiftingar og vikarar på prestesida, har Røldal no fått ein engasjert fungerande sokneprest å forhalda seg til. Merksemnda siste året har vore retta mot ord og sakrament. I gudstenestene satsar ein på å forkynne fram dåp og nattverd.

### 5.2.2 Kyrkjelege handlingar

Røldal	2019	2020	2021	2022	2023
Døypete	5	5	7	5	6

Konfirmerte	4	6	7	6	4
Vigsler	1	0	0	3	1
Gravferder	8	10	6	6	8

Det er liten variasjon i tala for dei siste fem åra. Tilslutninga er stabil.

## Utne sokn

### 5.1 Generell vurdering

Utne sokn ligg på vestsida av fjorden og grensar til Odda og Jondal med ferjeforbindelse til Kinsarvik og Kvandal. På veg opp til kyrkja finn ein gamle trehus og smauliknande vegar. Utne hotel frå 1722 ligg sentralt og er det eldste norske hotellet i drift. Her er det og bibliotek, butikk, og saman med Hardanger Folkemuseum og Utneheimen utgjier det sentrum i Utne. Langs fjorden mot Odda er det fleire store siderprodusentar. Agatunet på Nå er eit godt bevart klyngetun frå mellomalderen som i år feirar 800 års jubileum. Her finn ein den eldste kjende rettssalen i Noreg. Både Agatunet og Hardanger Folkemuseum bidreg til eit levande kulturliv, med foredrag, konsertar og ei rekke kurs. Her blir tradisjonar om bakst, saum og folkemusikk vidareført. Den store trekyrkja vart oppført i 1895. Før dette sokna dei som budde på “vest-sida” til Ullensvang kyrkje. Dei rodde over fjorden til dåp, vigsel og gravferd. Etter kvart fekk dei sin eigen gravplass, og no blir dei aller fleste i soknet gravlagt her.

### 5.2 Det kyrkjelege arbeidet

Kyrkja er sentralt plassert i ei bygd som tidlegare var eit viktig knutepunkt i regionen. No er situasjonen endra. Utne kyrkje ligg litt i skuggen av der folk er busett. Det gjev utfordringar med å skape relasjonar og tilknytning til kyrkja. Kommunesamanslåinga har gjeve Utne sokn tilgang på fleire ressursar. Diakonteneste og eit større medarbeidarfellesskap har vore positivt for staben i Utne. Sjølv utan kyrkjelydspedagog har kyrkja klart å drive minikonfirmantar og trusopplæring for born og unge. Arbeidet vert drive av frivillige og fungerande sokneprest. Her er eit flott korarbeid for barn og unge, drive av organist og koreleiar. Barnekoret hadde 24 medlemmar i 2023. Kora deltek på gudstenester og er ei skapande kraft inn mot gudstenestefeiringa.

Utne sokn har med testamentale gåver fått restaurert dåps- og prestesakristi. Det har gitt gode arbeidsvilkår, og blir brukt i arbeid med born og unge. Soknerådet held faste festar for frivillige medarbeidarar. Å sjå og verta sett er viktig for alle. Det gjev grobotn for å tiltrekke fleire frivillige som kan bli kjend med evangeliet. Sjølv med god oppslutning om konfirmantarbeid og barnearbeid er kyrkjelyden aldrande. Mange trufaste gudstenestedeltakar har fått heimlov. Andre er kome på Utneheimen. Gudstenestene vert difor direkte overført til Utneheimen, noko det er gode tilbakemeldingar på. Prest og organist held regelmessige andaktar der. Soknerådet har saman med fungerande sokneprest samtalar om korleis ein kan fornye gudstenestelivet. Me har eit prøveprosjekt der ei av dei to månadlege gudstenestene er flytta til onsdag ettermiddag. Det er ei temagudsteneste, med inviterte gjestar. Utne sokn deler på presteressurs med Jondal sokn. Særskild på høgtidsdagar er det eit press på ressurstilgang. Soknerådet ynskjer samtaler

om korleis ein fordeler 1. og 2. dagsgudstenester. I 2023 hadde Utne sokn 26 gudstenester mot Jondal sokn sine 30.

### 5.2.1 Gudstenestelivet

Utne sokn	2019	2020	2021	2022	2023
Gudstenester	26	25	18	25	26
Deltakarar	1561	700	715	1231	1623
Snitt	60	28	40	49	62
Nattverdsgrt.	10	10	10	8	11
Deltakarar	126	109	97	193	99

Pandemien skapte fleire utfordringar. I tida etter har deltakartala stige. I 2024 hadde vi eit av dei høgaste nivåa på deltaking dei siste ti åra.

### 5.2.2 Kyrkjelege handlingar

Utne sokn	2019	2020	2021	2022	2023
Døypte	6	8	6	6	13
Konfirmerte	13	9	9	8	10
Vigsler	1	0	1	3	2
Gravferder	14	7	11	14	14

Det er få vigsler i Utne, og relativt høge dåps- og konfirmasjonstal. Over 90% av årskulla melder seg til kyrkjeleg konfirmasjon. Talet på gravlagde er uendra over tid.

## Jondal sokn

### 5.1 Generell vurdering

Jondal grensar mot Odda i aust og Kvinnherad i sør. Over fjorden er Kvam kommune. Deler av Folgefonna nasjonalpark ligg i Jondal. Her har dei sommarskisenter, og Hardangerakademiet sitt konferansesenter Jonatunet, tok siste året imot konfirmantar frå heile Ullensvang til leirsamling. Her er stål- smolt- og kraftindustri. I Herand finn ein eit vakkert kulturgalleri og naturløype. Soknet har vel 1100 medlemmar. I Jondal har ikkje brotet mellom stat og kyrkje gjeve dei store endringane i måten ein tenkjer og er kyrkje på. Samarbeid mellom barnehage, skule og kyrkje er framleis godt. Derimot var kommunesamanslåinga i 2020 ei større utfordring for kyrkjelyd og tilsette. Frå å være ein kyrkjelyd med mange frivillige medarbeidarar, med eigen administrasjon og stab, vart det ei kjenslefull samanslåing. Me er enno ikkje på plass med same lokale engasjement som før samanslåinga. Særskild merkar ein fråfall av frivillige. Endringa vart forsterka av pandemien. Kyrkjelyden tok i bruk digitale verktøy og gudstenester vart strøyma. Det same vart gjort med gravferder der familien gav samtykke. Også i Jondal er det ein aldrende kyrkjelyd. Tilflyttinga til soknet er dalande. I fleire år har prestestillinga vore uavklart. Kyrkjelyden kan no gle seg over å ha fått fast fungerande sokneprest.

## 5.2 Det kyrkjelege arbeidet

Kyrkja har god tillit i Jondal og bygdene omkring. Organisten er nyleg tilsett i ei deltidstilling som kyrkjelydspedagog og den lokale staben har stort fokus på barne og ungdomsarbeid gjennom mange år. Ein har investert i samarbeid mellom kyrkje og skule. Besøk av barnehage og skulegudstenester i samband med høgtider, fungerer godt. Her er babysong og barnekor, og kyrkja er med på å skape gode møte mellom menneske. Kantor og fungerande sokneprest samarbeider om tiltak som LysVaken, Tårnagentar og konfirmantarbeidet. Her har vi utvikla eit konsept rundt den apostoliske truvedkjenninga. Konfirmantane lærer songar, dramatiserer bibelforteljingar, og har framsyning av kyrkjespel for kyrkjelyden, med påfølgande festmiddag. Fjordårskonfirmantar blir og invitert til grillfest ein gong i året, for å oppretthalde kontakt. Fungerande sokneprest samarbeider med den lokale indremisjonen om tiltaket «Stikk innom». I Jondal er det fleire kristne lag og organisasjonar. Dei som går på bedehuset går ofte også i kyrkja. Det er samarbeid om møtetidspunkt. Herand bedehus er vigsla til kyrkjeleg bruk. Det vert halde gudstenester og kyrkjelege gravferder her. Ei gruppe med røter i pinserørsla brukar bedehuset. Soknerådet har ynskje om å få til tverrkyrkjelege gudstenester nokre gonger i året i Herand.

### 5.2.1 Gudstenestelivet

Namn Jondal	2019	2020	2021	2022	2023
Gudstenester	27	27	24	26	31
Deltakarar	2484	1246	1091	1529	2213
Snitt	92	46	45	58	71
Nattverdsgt.	18	11	13	10	16
Deltakarar	536	223	297	233	444

Dei tre siste åra har det vore gradvis auke i deltakinga på gudstenester og nattverdstala går opp.

### 5.2.2. Kyrkjelege handlingar

Namn sokn	2019	2020	2021	2022	2023
Døypte	10	11	13	13	10
Konfirmerte	4	9	13	6	11
Vigslar	9	1	0	4	3
Gravferder	27	12	19	8	12

Dåp og konfirmasjon ligg på over 90 % i oppslutning. Den største endringa dei siste fem åra har vore kring vigslar og gravferder, her ser me ei markant nedgang dei siste fem åra.

### 5.2.3 Trusopplæring

#### Generell vurdering

Therese S. Meusburger er tilsett i 50 % stilling i sokna Røldal, Skare, Odda og Tyssedal.

Manuela Bjotveit er tilsett i 30 % stilling i sokna Kinsarvik og Ullensvang.  
Anne Karin Stormyr er nyleg tilsett 15 % som kyrkjelydspedagog i Jondal.  
Utne sokn har sidan 2019 ikkje hatt eiga stilling til trusopplæring.  
No ser det ut til at også dei får trusopplærar i 20% stilling. Det gjer at alle sokn får ei meir rettferdig og lik fordeling av ressursar i arbeid med barn og unge.  
Samla har UKF no 95% stilling til trusopplæring.

Hovudutfordringa er ikkje midlar, men å få kvalifiserte søkjarar til desse stillingane. I Odda og Utne har ein i større grad lukkast med å få frivillige med i arbeidet. I andre sokn baserer ein seg på samarbeid med prest og aktive foreldre. Det er vanskeleg å drive arbeid for barn og unge utan fleire vaksne. Me opplever likevel me få mykje igjen for dei ressursane me har. Trusopplærarane våre arbeider smart, har like tiltak fleire stader og er gode på organisering. Dei er nyttilsette dei siste 3-6 åra. Arbeidet er difor i oppbygging. Med unntak av Odda, skjer det meste av trusopplæringa i kyrkjebygga våre. Ikkje alle kyrkjer like godt eigna. Me arbeider med å gjere kyrkjene våre meir barnevenlege og tilrettelagt for aktivitetar og matserving. Fordelen med å ha tiltak i kyrkja er at barn og unge blir trygge i kyrkjerommet. Terskelen for å bidra inn i gudstenestelivet ser ut til å være lågare der barna blir vant til å bruke kyrkja. Det gjer det lettare med involvering, øving og opplæring til oppgåver i gudstenesta. Det er ein fin måte å bygge bru mellom trusopplæring og gudstenesteliv.

I Odda, Tyssedal, Skare og Røldal er trusopplæringa retta mot tiltak lokalt. Når ein tilbyr aktivitetar i nærmiljøet er det lettare å få med frivillige. Det har ikkje vore naturleg med samarbeid om tiltak på tvers av sokn, slik som i Kinsarvik og Ullensvang. I Jondal og Utne har arbeid blant barn og unge i stor grad vore knytt opp mot korverksemd og musikalske tiltak.

### **Odda, Tyssedal, Røldal, Skare sokn**

*Tweensarbeidet* er tilrettelagd for 2. -7. klasse og er eit hovudsatsingsområde i Odda, Tyssedal, Røldal og Skare. Nær 100 % av årskullet i små sokn, og 60% i Odda sokn er med. Ein satsar på kvardagar fordi familiar prioriterer i liten grad gudstenester i helgene.

Annakvar torsdag inviterer trusopplærar til *småbarns kafé* på Odda soknehus. Det er eit lågterskeltilbod der 10-15 foreldre og born, er med. I 2022 gjekk tre engasjerte familiar i Odda saman om å ta tilbake *søndagskulen!* Annankvar søndag kl. 1100-1230 møtes 4-15 born med foreldre på soknehuset. Her er undervisning, song og enkel servering. I Odda er elles kyrkjeskulesamarbeidet svært godt. I 2000 vart det utarbeidd ein plan som legg opp til kontakt mellom kyrkja og skulen årleg, frå 1.-7. trinn. Soknepresten i Odda har hatt ansvar for samarbeidet. Her har prestar i andre sokn mykje å lære. Dei siste åra har nær alle barnehagane i Røldal, Skare, Tyssedal og Odda blitt invitert til julevandringar og påskevandringar. Det har vorte godt motteke. No etterspør dei også pinsevandring.

### **Utne og Jondal sokn**

Arbeidet for barn og unge er her integrert i korarbeid og difor skildra under kyrkjemusikk.

### **Kinsarvik og Ullensvang sokn**

I tre år låg det meste av arbeidet retta mot born og unge nede. Store delar av staben slutta om lag samstundes og det tok tid før nye medarbeidarar var på plass. Noverande trusopplærar har gjeninnført gamle velfungerande tiltak, og oppretta ein hel del nye tilbod som *Minikyrkje*, *Biblioteksamlingar* og *Krøllesamling*. Prestane har ansvar for *Minikonfirmantar*, men truopplærar er aktivt med og organiserer leir for denne gruppa. Her er også Eidfjord med. *TårnAgent*, *LysVaken* og *Bokutdeling* er enkelttiltak som me prøver å integrere i gudstenestene våre. Trusopplærar førebur bønnevandringar og forkynner av og til ved familiegudstenester. Kyrkjene i Kinsarvik og Ullensvang har ei lang historie med varierende og dels komplisert kyrkje-skule samarbeid. Enkelte skular og barnehagar takkar ja til tilbod frå kyrkja, medan andre vel å ikkje delta. Vi håpar å komme betre i dialog på dette området, slik at barna kan få likeverdige tilbod, uavhengig av kor dei er busett i kommunen.

#### Trusopplæring i Kinsarvik og Ullensvang sokn 2024

Alder	Tiltak	Tal på tiltak	Tal på delt.	Felles K/U
0	Babysong	12	13	x
1	Dåpsminnehelsing	1	11	x
2	Krøllesamling	1	8	x
2-7	Minikyrkje	8	21	x
4	4-års bok samling	1	4/5	
4-10	Eplesong kor	12	9	x
6	6-års bok samling	1	5/3	
9	Tårnagentdag	1	10/15	
9-15	Aktivitet Bibliotek	20	ca. 20 pr sml.	
10	Minikonfirmantklubb	6	10	x
11	Lys vaken	1	11	x

#### 5.2.4 Undervisning

Det er generelt lite tradisjon for og etterspurnad etter undervisning i kyrkjene våre. I Odda har kyrkja gått saman med Frelsesarmeen om å arrangere *Alpha-kurs* siste året. Det har vore byggjande for trua å vere med i eit lærande fellesskap.

På Storstabsmøta i Odda og i prostilaget har me regelmessig internundervisning, der fleire faggrupper deler frå sine fagfelt.

Presten i Ullensvang har hatt ein del undervisning eksternt. Det har vore på Vaksenopplæringa i Kinsarvik, Kartverket, fagdagar i Helsesektoren og for pårørandegrupper i kreft og demensomsorg. Her er det særskild kyrkja sin kompetanse på sorg, religion og livssyn, samt åndeleg omsorg som har vore etterspurd.

#### 5.2.5 Diakoni

Det har dei seinare åra vore ei endring i kyrkja sin måte å identifisere områder for diakoni på. Før tenkte ein gjerne på diakoni som ei teneste blant sjuke og eldre. No ser ein meir på diakoni som ein del av heilskapen. Det handlar om omsorgsarbeid og fellesskapsbyggjande arbeid. Overalt der kyrkja bidreg til samfunnsbyggjande arbeid, er diakonien i rørsle.

Diakonimedarbeidar Margot-Helene Backer-Owe har vore aktiv i alle sokna i Ullensvang sidan 2020. Ho er under utdanning, og skal vigslast til diakon i 2025. Halve stillinga er tilmålt Odda, og resten er i dei andre sokna. Alle sokn har vedteke diakoniplanar som vert følgd.

Odda sokn (2021-2025)	Jondal sokn (2022-2026)	Røldal sokn (2025-2029).
Tyssedal sokn (2021-2025)	Utne sokn (2021-2025)	Skare sokn (2021-2025)
Ullensvang sokn (2022-2026)	Kinsarvik sokn (2022-2026)	

### **Tiltak i fellesrådsområdet**

Sjukeheimane i Jondal, Røldal, Utne og Kinsarvik får besøk av diakonimedarbeidar regelmessig. Her får dei tilbod om besøk, musikkstund og samtale. I Odda blir diakonimedarbeidar tilkalla til institusjonane etter behov.

Diakonimedarbeidar er ein pådrivar for at kyrkjelydane skal auke medvitet om den diakonale tenesta i sine sokn. Alle gudstenester har ein diakonal dimensjon. Ho oppmodar gjerne til å halde enkel kyrkjekaffi oftare, slik at dei som kjem kan bli møtt, sett og få erfare varmen i kyrkja sitt fellesskap. Det er tradisjon for Helgemesser og minnegudstenester i heile Ullensvang. Diakonimedarbeidar er med og deltek, og har også arrangert minnekonsertar i Jondal, Odda og Ullensvang.

Diakonale tilbod for barn og unge er eit nytt satsingsområde. Femte klasse i Odda får tilbod om å vere med på pilegrimsvandring. Diakonimedarbeidar er og aktiv i konfirmantarbeidet i Odda. Her organiserer ho konfirmantgrupper. Dei er med og har besøksteneste på institusjon. Ho inviterer alle konfirmantar i sokna til inspirasjonssamlingar i samband med fasteaksjonen. Det er elles få opne og inkluderande fellesskap for ungdom i kommunen. Her kan kyrkja bidra med førebyggjande arbeid i framtida. Diakonimedarbeidar har engasjert seg i «Stikk innom» på bedehuset i Jondal. Tilbodet er eit døme på den tillit som er mellom kyrkje og bedehus, og viljen til å støtte kvarandre der ein har felles interesser.

Nokre nye tiltak har og vore i utprøving. I 2024 vart eit tiltak for inkluderande fellesskap for dei med psykisk utviklingshemming i Kinsarvik oppretta. Tiltaket vart kalla *Songkvelds*. I Utne hadde dei ynskje om å etablere møteplassar for innflyttarar frå andre land. Dei laga difor ein *Internasjonal Piknik*. Her inviterte ein breidt, uavhengig av religiøs og kulturell bakgrunn. Slike tiltak er etterspurd, og diakoniarbeider er ei god ressurs for å få gjennomført, særleg det som er nytt. Sommaren 2023 fekk vi realisert ein draum om å få til ein *Kultur- og pilegrimgard* i den gamle prestegarden i Røldal. Dette er eit arbeid me trur er i vekst. Også dette arbeidet har eit diakonalt preg. Diakonimedarbeidar har sidan 2022 samarbeida med Kirkens Bymisjon i Odda om prosjektet *Kjøkkenhage for alle*. Tiltaket bidreg til fellesskap, meistring, og betre psykisk helse. Eit fantastisk prosjekt. Odda bedehus har vore samarbeidspartner om tiltaket *Livssoga mi*.

### 5.2.6 Misjon

Odda sokn har misjonsavtale med NMS. Ullensvang sokn er fast gjevar til Misjon Uten Grenser.

### 5.2.7 Kyrkjemusikalsk verksemd

Det kyrkjemusikalske arbeidet er samla under fylgjande visjon:

*Saman vil vi ære Den Treeinige Gud ved å feire Guds nærvær i ord og sakrament, med bøn og lovsong. Vi ynskjer å fremje salmesong, liturgi og kyrkjemusikk i kyrkjelyden og invitere til refleksjon kring kristen tru. I gudstenester, ved kyrkjelege handlingar og på konsertar ynskjer vi å tilføre relasjonen mellom menneske og Gud ein kunstnarleg og estetisk dimensjon.*

#### **Gudstenester og kyrkjelege handlingar**

Etter samanslåinga i 2020, har alle sokna landa på musikken frå den allmenne serien frå 1977 som liturgisk musikk i hovudgudstenesta. Folkemusikkmesse frå Hardanger vert brukt to gongar årleg i Jondal og årleg i Ullensvang og Kinsarvik. Vi har og gudstenester der jazz, gospel, country og andre klassiske eller moderne stilartar skaper den musikalske ramma. I Jondal har ein morgonsong og i Odda har ein middagsbøn tysdagar. Pilegrimsturen Krossdalen-Reisæter har med tidbønene som åndeleg føde på den årlege turen over fjellet. Sommarstid har ein completorium i staden for morgonsong i Jondal kyrkje.

Ei generell utfordring for muskarane i arbeid med kyrkjelege handlingar, er aukande etterspørsel etter musikk som ikkje er nedskriven. Innøving etter lydfiler er mykje meir tidkrevjande enn notar. Det er ei utfordring korleis kantorar og organistar skal prioritere tida si, på en måte som gjer at vi kan serve enkelt-tenester og utan at det går utover det kontinuerlege arbeidet.

#### **Korverksemd**

I Utne kyrkje har ein sidan byrjinga av 90-talet hatt eit flott korarbeid med barnekor, ungdomskor og babysong. Arbeidet lever i beste velgåande. I Jondal er barnekoret Solstråla vel 45 år, kyrkjekoret Jondal Grendakor er 37 år og konfirmantkoret har halde fram sidan slutten av 80-talet. Babysong er eit viktig tilbod i Jondal, Utne, Kinsarvik og Ullensvang. I Odda har ein dei siste åra hatt barnekorprosjekt, og i Tyssedal har korporsjekt blitt til eit fast barnekor. I Ullensvang har barnekoret Eplesong, leia av frivillig med støtte frå stab. I Jondal har ein og korprosjekt i samband med TårnAgent, LysVaken og andre T-samlingar.

#### **Samarbeid med heim/ barnehage/ skule/ kulturskule/ musikklivet elles**

Alle sokna har krybbevandring for barnehagar før jul. I Jondal er det førjulsgudstenester- med øvingsvisittar på skulen i førevegen. Her tilbyr ein og orgeltimar for 2. klasse, salmetimar for 4. klasse og praktiske kyrkjemusikktimar for 7. og 9. klasse. Dei samarbeider og nært med kulturskulen og musikklivet elles. Slik er det ikkje i dei andre sokna. Dei ulike sokna har konsert- og gudstenestetradisjonar der lokale kor og korps deltek årleg. Gudstenestene kan være ei fin læringsarena for amatørmusikarar.



## **Institusjon**

Kyrkjemusikarane tek del på andakter på institusjonane saman med prest eller diakon, og stundom har dei salmestunder om ikkje prest kan vere med. Korgruppene i dei ulike sokna vert gjerne med og har songstunder ein eller fleire gongar årleg på dei lokale institusjonane.

## **Konsertar**

Røldal har sommarstid turistkonsertar kvar veke i samband med opa kyrkje. Dette vil ein gjerne få til i Odda også. I Jondal har ein tysdagskonsertar på kveldstid medio juni og heile juli. I Ullensvang og Kinsarvik har ein vår- og sommarkonsertar. Her er ofte musikarar frå heile verda med og spelar, gjennom organisten sitt kontaktnett. Gjennom året er det og salmekveldar og ulike konsertarrangement ved påske og juletider. Hardanger har fostra mange profesjonelle musikarar, og fleire av dei er med å spelar ved gudstenester i høgtidene.

## **Instrument og bemanning**

Alle kyrkjene i Ullensvang har akustiske kyrkjeorgel. Alle kyrkjene, utanom Røldal stavkyrkje og Berjafлот kapell, har piano. Eit framtidssønske er at born og unge i heile Ullensvang entrar orgelkrakkane og finn ut at dei har lyst til å lære seg å spele orgel.

Ullensvang kyrkjelege fellesråd har 150 % organistressurs i Odda, Tyssedal, Skare og Røldal sokn. I Utne har dei 25 % organistressurs og 20 % korressurs. I Ullensvang og Kinsarvik er det 60 % kantorressurs og 10 % muskar. Jondal har 75 % kantorressurs i Jondal sokn, 15 % er knytt til trusopplæring. Samla er det 340 % tilsette for kyrkjemusikk i dei 8 sokna.

I den nye organiseringa av fellesråd, vert det no med jamne mellomrom lagt opp til fellesgudstenester der heile storstaben er med. Også for kyrkjemusikarane er det flott stundom å få vere fleire muskarar saman. Slik kan vi utfylle kvarandre på ein god måte og tilføre gudstenestefeiringa fleire klangar, fargar og mangfald.

### **5.2.8 Barne- og ungdomsarbeid**

Sjå 5.2.3

### **5.2.9 Vaksenarbeid**

I nokre av sokna er det bibelgrupper. I Odda er det Formiddagstreff og Alpha-kurs. Det er ei utfordring for oss, korleis vi skal imøtekomme ynskjer frå innflyttarar. Fleire saknar kyrkja i heimlandet og ynskjer å vere med i kyrkja sitt arbeid. Det fordrar tett oppfølging på fleire området, og samstundes er det ein ressurs og rikdom for den etablerte kyrkja. Dette treng vi ha større merksemd mot framover.

### **5.2.10 Gjevarteneste**

Gjevartenesta i "Gamle Ullensvang" er under avvikling. De må vurderast om det skal opprettast nye gjevartenester i ny organisasjon.

### 5.2.11 Informasjonsarbeid

Kyrkjene i Ullensvang har mange arenaer for kommunikasjon. Nettsida [www.ullensvang.kyrkjer.no](http://www.ullensvang.kyrkjer.no) for heile kommunen. Jondal sokn har og si eiga nettside: [www.jondalkyrkje.no](http://www.jondalkyrkje.no). Facebook-sida “Kyrkjene i Ullensvang” vert nytta til annonsering av det meste som skjer i kyrkjene våre. Fleire av sokna har eigne Facebook-sider og Messenger-grupper. Gudstenester vert annonsert i fredagsutgåva av Hardanger Folkeblad og Hordaland Folkeblad. Vårt eige kyrkjeblad “Helg i Hardanger” kjem ut 4 gonger i året. Det vert distribuert til alle husstandar i kommunen. I tillegg lagar me program og plakatar lokalt. Til tross for alt dette, erfarer me stadig at folk ikkje har fått med seg det som skjer. Det er ei generell utfordring, også for andre aktørar. Me treng mange kanalar, og mest av alt menneske som fortel om det som skjer i kyrkja.

## 6. Kyrkje og kommune

### 6.1 Fellestrådsøkonomi og forvaltning

Kyrkja i Ullensvang har etter kommunesamanslåinga i 2020 hatt åtte sokn der alle er representert i fellestrådet. Lars O Seim frå Røldal sokn er leiar, og Roy Steinsland frå Ullensvang sokn er nestleiar. Fungerande sokneprest i Skare og Røldal, Bengt Arvidsson, er geistleg representant i rådet, medan ordførar Roald Aga Haug er kommunal representant. Oddbjørn Vestbøstad er dagleg leiar og kyrkjeverje for fellestrådet.

Samanslåing av tre fellestråd med til saman åtte sokn til ein organisasjon har hatt med seg mange utfordringar. Sjølv om me alle er Hardingar, har det vore ulike kulturar tilpassa ulike lokale tilhøve i dei tidlegare kommunane. Det har vore slitasje i den nye organisasjonen, og det har vore tre tilsetjingar av dagleg leiar og fleire endringar i leiarstrukturen i det nye fellestrådet.

Det har vore eit godt samarbeid med kommunen, og i det daglege bidreg kommunen med tenester innan kontorutleige, reinhald, parkdrift, lønns- og økonomitenester. Kommunen har elles kome fellestrådet i møte med ekstra støtte når det til dømes har røynt på med høge straumprisar midt i eit rekneskaps år.

Organisasjonssamansmeltinga har vore krevjande for fleire, og dette har påverka arbeidet slik at mange ikkje har fått brukt ressursane slik som ein ynskte og hadde planar for. Ein sideeffekt er at fellestrådet har ein tilfredsstillande økonomi i dag samstundes som mange ressurskrevjande oppgåver ventar framover.

Ved starten på eit nytt år er det likevel kyrkjeverja og fellestrådsleiar si oppfatning av mange utfordringar i dag har fått ei løysing, og at mange i organisasjonen har stor grad av entusiasme og glede over å få vera med på laget. Det er vårt inntrykk at ein frå mange ulike utgangspunkt løftar saman for å skapa gode opplevingar for innbyggjarane i kommunen og resultat for organisasjonen vår.

## 6. 2 Kyrkjer og gravplassar

### **Odda kyrkje**

Kyrkja frå 1870 er ei typisk langkyrkje som vart bygt etter inspirasjon frå Øystese kyrkje frå 1868. Bygda valde å nytta same byggmeister som den i Øystese, men dei valde å bygga kyrkja litt større enn modellkyrkja. Sidan sist visitas er kyrkja utstyrt med flaumljos, golvet er måla og ny løpar er på plass i midtgangen.

### **Røldal kyrkje**

Kyrkja er ei freda stavkyrkje frå mellomalderen oppført på 1200-talet. Kyrkja har vore inkludert i Riksantikvaren sitt stavkyrkjeprogram, og det har det siste tiåret vore gjennomført utbetnings- og tryggingstiltak i samband med dette.

### **Skare kyrkje**

Denne kyrkja vart vigsla 5. oktober 1926 og vil såleis runda hundre år neste haust. Kyrkja er bygt i lafteteknikk, er tjørebreidd og tydeleg inspirert av stavkyrkjetradisjonen. Orgelet er gammalt, har dårleg materialkvalitet og er allergisk mot kaldt og turt vêr. På kalde vinterdagar nyttar ein el-piano. Etter eit mindre brantilløp i sikringsskapet seinhaustes 2023 vart store delar av varmestyring utskift.

### **Tyssedal kirke**

Dette er den einaste kyrkja i kommunen som er reist etter 1900. Ho er bygt som ei moderne arbeidskyrkje i betong for industristaden Tyssedal i 1965, og den har om lag 60 rom. Kyrkja har dei siste åra fått installert varmepumper og ny rampe for rullestol. Utsifting av vindauge i kjellar vert sett i gang denne vinteren. Fellesrådet har også vedteke å setja i gang eit arbeid for å sjå på korleis ein kan nytta kyrkja framover, og kva kostnader vidare oppgradering og tilrettelegging for ålmenn tilgjenge vil medføra.

### **Ullensvang kyrkje**

Staute og stae bønder i Ullensvang nekta å riva den gamle kyrkja frå 1200-talet for å auka kapasiteten, då nye føresegner om kapasitet vart vedtekne mot slutten av 1800-talet. Dette gjer at den gamle steinkyrkja med tilbygg og tårn skil seg frå dei andre gamle steinkyrkjene i området. Kyrkja har dei seinare åra fått ny oppvarming og nytt lydanlegg. Ein har gjort eit forarbeid med tanke på vidare sikring av kyrkja, og det er planlagt sett av midlar til vidare sikring med delfinansiering frå det nye bevaringsprogrammet for verdfulle kyrkjebygg.

### **Kinsarvik kyrkje**

Kyrkja frå 1100-talet er den eldste bygningen i regionen vår, og den har hatt ein sentral posisjon i samfunnet i frå gamal tid. Kyrkja har dei seinare åra fått ny oppvarming og nytt lydanlegg. Ein har gjort eit forarbeid med tanke på vidare sikring av kyrkja, og det er planlagt sett av midlar til vidare sikring med delfinansiering frå det nye bevaringsprogrammet for verdfulle kyrkjebygg. Det vil verta utarbeidd ein søknad om dette i år om kommunen stør opp om søknaden.

### **Utne kyrkje**

Utne kyrkje frå 1895 er bygt som ei tidstypisk langkyrkje i tre. Kyrkja har dei siste åra fått ny straumtavle, og det er montert varmpumper i sakristia som også gjev god grunnvarme til kyrkjeskipet når kyrkja ikkje er i bruk. Kyrkja har også motteke ei testamentarisk gåve som har gjeve rom for investering i nytt konsertpiano og å pussa opp dåpssakristi med nytt kjøken og samlingskrok. Kyrkja har dei seinare åra også fått montert sikringsanlegg mot brannskade. Kyrkja har berre eit enkelt toalett, og det er derfor starta eit arbeid for å setja opp eit frittstående toalettbygg til kyrkja.

### **Jondal kyrkje**

Jondal kyrkje, ofte kalla Hardangerkatedralen, vart oppført som ei tradisjonell langkyrkje i tre i 1888. Kyrkja har dei siste åra fått nytt lydanlegg som også er godt eigna for større konsertproduksjonar. Det er også montert eit moderne sikringsanlegg mot brannskade.

### **Berjaflot kapell**

Kapellet vart oppført ved den nye Berjaflot gravplass på ei høgd over Odda i 1930. Dette er det kyrkjelege bygget i vår kommune som med klar margin har flest kyrkjelege handlingar. Dei siste åra har det fått montert varmpumpe og brannvarslingsanlegg. Lydanlegget har også vorte oppgradert. I 2025 er det planlagt ei innvendig oppussing med ny måling, nye straum- og lydkeblar og nytt teppe på golvet.

### **Berjaflot gravplass**

Gravplassen ligg fint til og er mykje brukt og omtykt som rekreasjonsområde i tillegg til å fungera som gravplass for avdøde i Odda og Tyssedal. Dei siste åra er det oppført ein ny driftsbygning i tilknytning til gravplass og krematorium. Me er også i ferd med å opparbeida eit nytt urnefelt etter å ha fjerna ein eldre og nedsliten driftsbygning. I økonomiplan er det også planlagt å setja av midlar til ei utviding av gravplassen til oppføring av namna minnelund og etablering av digitale gravkart.

### **Berjaflot (Odda) krematorium**

Ullensvang har, som eit av to fellesråd i Bjørgvin, eige krematorium med ein kapasitet på inntil 200 kremasjonar i året som fylgje av manglande reinseanlegg og avgrensingar i Forurensingsforskrifta. I tillegg til eige behov tilbyr me overskotskapasitet til Haugesund kyrkjelege fellesråd, slik at heile kapasiteten vert nytta. Det er planlagt å byta ut mura innvendige steinar dette året.

### **Røldal kyrkjegard**

Mellomalderkyrkjegarden er framleis i bruk men er utvida i moderne tid. Det er ikkje gjort store endringar her dei siste åra. I tilknytning til kyrkjegarden er det eit bårehus med publikumstolett og teknisk rom. I påvente av avklaringar rundt etablering av eit nytt pilegrimssenter er vidare moderniseringar sett på vent. Det er planlagt sett av midlar i økonomiplan til etablering av digitale gravkart.

### **Skare kyrkjegard**

Kyrkjegarden vart teken i bruk kort tid før kyrkja vart bygt. Portalen inn til kyrkja og kyrkjegarden vart utbetra i 2024. I tillegg er det rydda ein del skog rundt kyrkjegarden, og det er planlagt å fella

nokre store bjørketre som står nær kyrkja. Det er planlagt sett av midlar i økonomiplan til etablering av digitale gravkart.

### **Odda gamle kyrkjegard**

Ved kyrkja i Odda ligg ein freda kyrkjegard frå mellomalderen som ikkje lenger er i bruk. Området vert stelt av Ullensvang kommune gjennom ein tenesteytingsavtale med fellesrådet.

### **Ullensvang kyrkjegard**

Delar av gravplassen er frå mellomalderen og er freda. Gravplassen har seinare vorte utvida ved fleire høve. Gravplassen vert enno tidvis nytta ved gravlegging av døde som har vore busett på vestsida av fjorden. Det er planlagt brukt profesjonell trepleiar til stell av dei store og vakre trea på kyrkjegarden dette året, og det er i økonomiplanen planlagt brukt midlar til å etablere namna minnelund.

### **Kinsarvik kyrkjegard**

Delar av gravplassen er frå mellomalderen og er freda. Gravplassen har seinare vorte utvida ved fleire høve. Det er ikkje planlagt store endringar ved kyrkjegarden dei komande åra.

### **Utne kyrkjegard**

Kyrkjegarden er etablert i tilknytning til kyrkja på andre sida av fylkesveg 550 mot Jondal. Det er planlagt å nytta profesjonell trepleiar til stell av dei store trea rundt kyrkja dette året.

### **Herand kyrkjegard**

I Jondal sokn vart det i 1903 etablert ein eigen gravplass for bygda Herand, og den har eige klokketårn og reiskapshus. Det er planlagt sett av midlar i økonomiplan til etablering av digitale gravkart.

### **Jondal kyrkjegard**

Delar av gravplassen er frå mellomalderen og er freda. Gravplassen har seinare vorte utvida ved fleire høve. I tilknytning til kyrkjegarden er det eit bygg som inneheld kontor, bårerom og reiskapshus med opphaldsrom. Det er ikkje planlagt store endringar ved kyrkjegarden dei komande åra, men det er sett av midlar i økonomiplan til etablering av digitale gravkart.

## **7. Veggen vidare, strategiar og mål**

Kyrkjene i Ullensvang har ikkje samla arbeidd systematisk med strategiar og mål. Det kan i seg sjølv vere ei oppgåve for veggen vidare. Det vil vere sentralt å arbeide vidare med på kva som skal vere felles for kyrkjene i alle dei 8 sokna, og kva som både kan og bør vere særeige i det enkelte soknet. Det er eit ynskje at UKF legg til rette for strategisamlingar, og at sokna også arbeider med mål og strategi lokalt.

Frå Den norske kyrkja sitt strategidokument for 2022-2029 vil vi lyfte fram følgjande tre perspektiv: *Kyrkja opnar rom for tru. Kyrkja er der livet vert levd. Kyrkja er meir for fleire.*

Bjørgvin bispedømme sin visjon frå 2014 er integrert i fleire av UKF sine planverk: *Saman vil vi ære den treeinige Gud ved å forkynne Kristus, bygge kyrkjelydar og fremme rettferd.*

Visjonar og strategiar sentralt, må tilpassast og konkretiserast lokalt. Vi vil her peike på noko av det som på bakgrunn visitasmeldinga vil vere naturleg for oss å arbeide vidare med:

### **Vi vil vere med å forkynne Kristus og bygge kyrkjelydar, gjennom arbeid med gudstenestefornyng**

Vi ynskjer at dei som kjem til gudsteneste skal få møte Kristus og bli styrka i trua. Vi ynskjer at dei som høyrer til i kyrkjelyden skal bli inspirert til teneste for andre.

- Vi vil utforske om gudsteneste i kvardagen kan vere eit supplement til søndagen si hovud gudsteneste. Vi trur at kvardagsmesser kan gje rom for meir djuptgåande forkynning, og vere med og opne opp nye rom for tru. Vi ynskjer å involvere lokale musikarar eller andre «stemmar» i desse gudstenestene.
- Vi vil leite etter naturlege overgangar mellom arbeid blant barn og unge og den gudstenestefeirande kyrkjelyden. Det kan dreie seg om opplæring og innøving av liturgi salmar, orgelspel som ein del av trusopplæringstiltaka. Vi vil på den måten freiste å utjamne erfaringar av framandgjerding i gudstenesta. Målet er at barn og unge skal kjenne seg trygge i kyrkjerommet og heime i den gudstenestefeirande kyrkjelyden.
- Søndagsgudstenester kl.1100 vil framleis vere hovudgudsteneste i kyrkja i Ullensvang. Vi vil legge til rette for at det alltid er minst ei gudsteneste i kommunen, når det er søndag. Vi vil arbeide for rettferdig fordeling av menneskelege ressursar, når det gjeld feiring av heilag dagar i mindre sokn. Vi vil halde fram med samarbeid på tvers av sokn, for å få til noko større enn det vi kan få til åleine. Vi vil samarbeide med andre kyrkjesamfunn der det er naturleg, og kulturlivet lokalt, for å opne for nye rom for tru.

### **Vi vil fremme menneskeverd og likeverd, ved å bygge diakonal identitet i bredda av det kyrkjelege arbeidet.**

Vi har som mål å styrke den diakonale dimensjonen ved det å vere kyrkje. Vi ynskjer at verdier som det å sjå enkeltmenneske, praktisere gjestfridom og legge til rette for mangfald skal vise igjen i måten vi er kyrkje på. Konkrete tiltak og oppfølging av diakoniplanane vil her stå sentralt. Enkel kyrkjekaffi, kyrkjeskyss som gjer det mogeleg for dei som ikkje kan køyre sjølv, og besøksteneste, er noko alle sokn kan ha som mål å få etablert denne soknerådsperioden. Vi vil også ha eit framtidig mål om å tilby sorggrupper, og også bidra meir aktivt inn i beredskapsførebyggjande arbeid. Som kyrkje må vi aldri bli oss sjølv nok, men ha merksemda retta også mot verda. Alle sokn bør difor verre med å støtte global misjon med gjevartenester eller misjonsavtalar i tillegg til Fasteaksjonen. Gjennom samarbeid kan vi få til meir enn vi maktar åleine. Kyrkja i Ullensvang vil vere ei kyrkje som bryr seg, og ein engasjert samfunnsaktør.

## **Vi ynskjer å styrke kyrkje-skulesamarbeidet gjennom utvikling av planar og erfaringsdeling på tvers av skulekrinsar**

Vi ynskjer å auka medvitet om den ressursen kyrkjene våre kan vere inn mot fag og undervisning. Her vil vi invitere til dialog og dele erfaring, der dette fungerer godt. Målet er at barn, unge og vaksenopplæringa skal få same tilbod, uavhengig av kvar ein er busett i kommunen.

## **Vi vil være med å styrke medarbeiderskap i alle sokn og i stabane våre**

Det er viktig for oss at kyrkja ikkje er «dei andre», men kyrkja er alle som er medlemmar. Alle medlemmar er difor potensielle medarbeidarar og frivillige. I våre område har det særskild vore sokneråda som har vore aktive i den frivillige tenesta. Dersom ein skal utvikle organisasjonsmodellen til dei lokale kyrkjene vidare, kan det skje ved at sokneråda blir meir styrande organ og fleire frivillige er med i det praktiske arbeidet. Målet er at vi i framtida skal ha ei betre organisering og ivaretaking av frivillige.

## **8. Sluttord**

Vi er kyrkje i ei tid med store samfunnsendringar. Vi er kyrkje i ei tid med aukande frykt for framtida. Vi er kyrkje midt i eit kulturelt og religiøst mangfald, og det i sjølvaste Hardanger. Vi kan undersøke tal for deltaking. Vi kan la oss begeistre ved oppgang, eller bli nedstemte når pilane går motsett veg. Tal kan fortelje oss ein heil del, men det er ein heil del «teljekyller» ikkje fangar opp. Den kan ikkje fortelje oss kva som skjer i han eller ho som kjem for å høyre «preikje». Dei kan ikkje fortelje kva som skjer i barnet som blir døypt. Eller kva det er som rører seg i konfirmanten som kneler ved alterringen for aller første gong. Det er mykje vi ikkje ser, og kyrkja er alltid meir enn det vi ser. Difor skal vi frimodig halde fram, forkynne evangeliet, bygge fellesskap og vere kyrkje der vi bur. Saman ærer vi den treeinige Gud, på ulike måtar, til ulike tider og i ulike samanhengar. Med det vi har fått og med det vi får gje tilbake.

Lars O Seim (leiar)  
Ullensvang Kyrkjelege Fellesråd

Leni Mæland (redaktør)  
Sokneprest i Ullensvang